



Hjelmås Vvs AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1192 - 17/15167

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
24.05.2017

Stadfesting av mottak av søknad - gbnr 11/74 Hosøy - Hølleland

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon, utsleppsløyve og løyve til etablering av avløpsanlegg den 06.04.2017, og saka har saksnummer 17/1192.

Mottakskontroll

Vi sender vanlegvis førebels svar innan 3 veker, og eg beklagar det seine svaret. Saka vert no sendt på høyring til fylkesmannen og Bergen og omland havnevesen. Havnevesenet må gjera sitt vedtak før vi kan gje løyve til tiltak.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskontroll vert dette etterspurd i eige brev.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. For dispensasjonssøknad er fristen 12 veker. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesaksforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Løland

Lønborglien 343 5039

BERGEN

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS